



**Ytre Sogn vassområde**  
Sogn og Fjordane vassregion

## Møte Ytre Sogn vassområdeutval

**Tid:** Onsdag 12. desember 2018 kl. 09:45 til 13:45

**Stad:** Lavik Fjord Hotell

### SAKSLISTE/SAKSFRAMLEGG

---

#### Orienteringar:

Endringa av vassforskrifta

Status for miljøundersøkingane i Ytre Sogn vassområde i 2018

Revidering av *Regional plan for vassforvaltning* (vassforvaltningsplanen)

---

#### Sak 5 - 2018 Planprogram

Viser til foreløpig utkast til *Planprogram for regional vassforvaltningsplan* (sjå vedlegg 1).

Dokumentet presenterer forslag til planprogram (arbeidsprogram og framdriftsplan) og program for konsekvensutgreiing for arbeidet med å oppdatere den regionale vassforvaltningsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram. Dokumentet beskriv planprosessen og kva utgreiingar det føreslåast å gjennomføre, og omtalar både forventingar til styresmakter som har rett og plikt til å delta, og høvet for andre interessantar til å medverke med kunnskapen sin og synspunkta sine.

**Vassområdekoordinator ber om innspel til dokumentet, og då særleg på følgjande problemstillingar:**

- **Medverknad – korleis kan vassområdeutvalet sikre god medverknad?**
- **Representantar i vassregionutvalet – alle kommunar eller ein per vassområde?**
- **Konsekvensar av kommunereforma for vassområda – endre grenser, finansiering, representasjon?**

---

## **Sak 6 - 2018 Hovudutfordringar i Ytre Sogn vassområde**

Viser til foreløpig utkast til *Hovudutfordringar i Ytre Sogn vassområde* (sjå vedlegg 2).

Dette dokumentet inneheld ein oppdatert oversikt over m.a. miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak i vassområdet. Denne kunnskapen vil danne utgangspunkt for oppdatering av vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet. Datagrunnlaget er henta frå databasen Vann-nett.

Saman med tilsvarande dokument frå dei andre vassområda og dokumentet *Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion* skal det nyttast til å skape brei medverknad, deltaking og forankring av arbeidet med utfordringar i god tid før ei ny utgåve av forvaltningsplan og tiltaksprogram blir send på høyring 1. juli 2020. Ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane, vil gje eit godt grunnlag for det vidare samarbeidet og prioriteringane som må gjerast i arbeidet med å oppdatere forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet.

Dokumentet er basert på ein mal utforma av Miljødirektoratet. Svart tekst er frå malen, mens grøn tekst er lagt til av vassområdekoordinator.

**Vassområdekoordinator ber om innspel til dokumentet.**

---

## **Sak 7 - 2018 Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion**

Viser til disposisjon/utkast til *Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion* (sjå vedlegg 3).

Dette dokumentet inneheld ein oppdatert oversikt over m.a. miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak for heile vassregionen, og er eit viktig dokument i prosessen fram mot oppdatert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram. Eit viktig grunnlag er underlagsdokumenta om hovudutfordringar i dei enkelte vassområda.

**Vassområdekoordinator ber om innspel til dokumentet.**

---

## **Sak 8 - 2018 Midlar til fylkesprosjektet for avløp**

Grad av påverknad frå avløp på vassførekomstar er ukjent i store delar av Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har med bakgrunn i det, gjennomført eit forprosjekt på påverknad frå avløp på vassførekomstar. Føremålet med prosjektet var å hjelpa kommunane til å kartleggja risiko for kva avlaupsanlegg som kan vera ureinande og påverka vassførekomstar negativt. Prosjektet har digitalisert prioriterte område der det ligg avløpsanlegg med høgt potensial til å påverke vassførekomstar.

Fylkesmannen søkte om midlar til eit fylkesprosjekt (hovudprosjektet) som skal bygge vidare på forprosjektet og greie ut om påverknader frå avløp på vassførekomstar i Sogn og Fjordane vassregion. Miljødirektoratet tildelte 500 000 kr. Fylkeskommunen bidreg i tillegg med 100 000 kr.

Fylkeskommunen samarbeider med Fylkesmannen og har henta inn tilbod på hovudprosjektet. I tilbodsinvitasjonen vart prosjektet delt i to. To opsjonar vart óg lagt inn for å sikre god leveranse:

Del 1: Validere vassførekomstar påverka av avløp i samarbeid med kommunane
Del 1 Opsjon: Inspeksjon og registrering av avløpsanlegg
Del 2: Kommunane som ureiningsmynde
Del 3 Opsjon: Avløpsvatn frå ferjer og cruiseskip

Eitt tilbod vart motteken. Prisen på Del 1 og Del 2 ligg innanfor den økonomisk ramma, men opsjonane kan ikkje gjennomførast utan ytterlegare midlar. For Del 1 opsjon er det estimert behov for 120 000 kr pr. vassområde. For Del 3 opsjon er det estimert behov for 65 000 kr pr. vassområde.

Det er moglegheit for å søke om midlar frå Miljødirektoratet for Del 3 opsjon under tilskotsordninga generell vassforvaltning. Fristen for søknad er 15. januar 2019. Tildeling er usikkert.

Tabellen nedanfor viser leveransane i Del 1 opsjon og Del 3 opsjon.

Del 1 Opsjon	<ul style="list-style-type: none"><li>• Inspeksjon og registrering av fem avløpsanlegg i eitt vassdrag i kvar kommune</li><li>• Sette graden av påverknad som lita, middels eller stor</li><li>• Synfaring for å avdekke eventuelle direkte utslepp til vassdraga frå septiktankar.</li></ul>
Del 3 Opsjon	<ul style="list-style-type: none"><li>• Oversikt over korleis ferjeselskap og reiarlag handterer avløpsvatn på sine fartøy.</li><li>• Ei vurdering om praksisen kan føre til vesentleg påverknad på vasskvaliteten av kystvatn målt etter krava i vassforskrifta.</li></ul>

**Vassområdekoordinator sitt framlegg til vedtak:**

**Vassområdeutvalet set av inntil kr 200 000 på budsjettet for 2019 til bruk på fylkesprosjektet for avløp, del 1 opsjon og del 3 opsjon. Samtidig skal vassområdekoordinator søke om midlar frå Miljødirektoratet til del 3 opsjon.**

### **Vedlegg:**

Vedlegg 1. Utkast til Planprogram

Vedlegg 2. Utkast til Hovudutfordringar i Ytre Sogn vassområde

Vedlegg 3. Utkast/disposisjon til Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion